



*Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.*

*For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".*

## Vernepleiar - 2 faste 100% stillingar

### Stillingsinformasjon

Meland heimeteneste har frå dags dato ledig 2 faste stillingar som vernepleiar. Begge stillingane er på 100% kvar.

Ynskjer du ein utfordrande arbeidsdag? Meland kommune treng DEG. To unge humørfylte vaksne med nedsett funksjonsevne og autisme, har trong for trygge, tydelege og fagleg dyktige vernepleiarar. Dei bur i sine egne leiligheiter, og får tett oppfølging av eit tverrfagleg team av tenesteytarar. På dagtid har dei aktivitets/arbeidstilbod. Er dette interessant? Ikkje nøl, ta kontakt for meir informasjon.

Kveldsvakter, dagvakter og med arbeid kvar tredje eller kvar 4. helg.

Det er og aktuelt med oppgåve som koordinator for ansvarsgrupper for andre brukarar.

### Kvalifikasjonskrav

Offentleg godkjent vernepleiar.

Det vert lagt vekt på personlege eigenskapar, og arbeidserfaring med mennesker med utfordrande adferd.

### Vi tilbyr

Godt arbeidsmiljø - gode kollegaer.

Mange utfordrande og fagleg stimulerande oppgåver.

Muligheitar for kurs og fagleg oppdatering.

Løn som samsvarar med utdanning og erfaring.

God pensjonsordning.

### Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetjing og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 05.01.2017

Utlyst dato 13.12.2016

Vårref

625/16

### Kontaktperson

Britt Hilde Romarheim, Leiar Meland heimetenester, tlf: 56171210, mobil: 994 97 611, [britt.romarheim@meland.kommune.no](mailto:britt.romarheim@meland.kommune.no)